

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Roald Stenseide (Frp) stilte spørsmål om han er inhabil fordi han er styremedlem Askøy bombengeselskap AS.

Stenseide gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Roald Stenseide var inhabil etter forvaltningslova § 6, 2. ledd. Bompengeselskapet er ikkje part i saka, men Stenseide hadde deltatt i behandlinga av saka i styret for selskapet.

Roald Stenseide gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Nytt punkt 7:

For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeidd med å auke inntektsgrunnlaget i pakken.

Fylkestinget ber om at prosjekta som er starta vert bygd fortløpande og at øvrige prosjekt vert prioritert i samarbeid mellom kontaktutval og Statens vegvesen.»

### Røysting

Framnes sitt forslag punkt 7 fekk 5 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 7 fekk 9 røyster (A, SV, KrF, Sp, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 1-6 og punkt 8 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følgje dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengefinansierde prosjekt og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiseland knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.
7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeidd med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget sluttar seg til utbyggingsrekkefølgja av prosjekta i Askøypakken slik det går fram av investeringsprogrammet.
8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikksikringsarbeidet, og dei tre særskilte satsingsområda i Hordaland:
  - Trafikksikringsarbeid i kommunane
  - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok

- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg